



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Comfort hotell Florø</b>
<b>Møtedato</b>	<b>06.09.2018</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00 – 15.00</b>

**Faste medlemmer til stades:** Erlend Haugen Herstad, Magnus Strand, Anita Æsøy,  
Bente Underthun, Odd Atle Stegegjerdet

**Forfall til møtet:**

**Varamedlemmer til stades:**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Sekretariat for møtet:** Anne-Kjersti Stavø Stenehjem

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møteboka frå 18. april vart underskrive.

Fylkesrådet starta møte med omvising hos Nærteneosten i Florø, der Torleif Hjermand orienterte om bedrifta. Nærteneosten er eit selskap som er leverandør til NAV og tilbyr individuelle arbeidsretta tilbod som kvalifiserer til arbeidslivet. Tilboda skal styrke og utvikle den enkelte. Felles for alle tiltaka og tenestene deira er at alle som ynskjer det vil kunne ha sin praksis, utprøving eller arbeid på arbeidsarenaer utanfor Nærteneosten as sine fysiske lokale.

Leiarane i dei kommunale råda i Flora, Bremanger og Kinn var invitert til deler av møte. Leiaren for det kommunale rådet i Flora, Marie Kronen Tveranger, møtte til erfaringsutvekslinga med fylkesrådet.

Marie fortalte om ulike tema som det kommunale rådet i Flora var oppteken av: folkehelse, transport, TT-ordninga og medverknad. Det er viktig at dei kommunale råda har gjennomslagskraft.

### **Følgjande skriv vart lagt fram til orientering:**

#### **Meldesak 1) Vegkart for ein universelt utforma nærskule**

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet har nyleg lansert rapporten «Veikart. Universelt nærskule 2030». Vegkartet er eit forslag frå regjeringa om kva som bør gjerast for at alle grunnskular vert universelt utforma innan 2030. Rapporten finn de [her](#)

Konklusjon: Teke til vitande.

#### **Meldesak 2) Landskonferansen 13. – 14. september 2018**

Det er sendt ut program for landskonferansen til medlemmane i fylkesrådet, og kvar enkelt av medlemmane sendte påmelding sjølv. Landskonferansen er på Hamar, Scandic hotell. Temaet for konferansen er skule og oppvekst. Påmeldingsfristen til landskonferansen var 15. august.

Anita, Magnus og Odd Atle har meldt seg på landskonferansen.

#### **Meldesak 3) Regional plan for klimaomstilling**

Sogn og Fjordane fylkeskommune takkar for høyringsinnspel til regional plan for klimaomstilling. Det kom inn totalt 31 innspel i samband med høyringa. Med bakgrunn i innspela er det gjort nokre endringar i plandokumentet for å ta omsyn til innkomne innspel. Alle innspela var summert opp i eit eige dokument som vart handsama i Fylkesutvalet 31. mai (FU-sak 58/18) og i Fylkestinget 12. juni (FT-sak 26/18). Sjå vedlegg for utfyllande informasjon.

#### **Meldesak 4) Høyringsutkast til regional plan for kultur**

Utkast til regional plan for kultur har vore lagt ut til offentleg ettersyn der høyringsfristen var 1. september.

Konklusjon: Teke til vitande.

#### **Meldesak 5) Ymse**

- a) Uttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne, til kommunane i Sogn og Fjordane om medverknad for dei kommunale råda for menneske med nedsett funksjonsevne:

##### ***Tilrettelegging for medverknad frå dei kommunale råda for menneske med nedsett funksjonsevne***

*Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne har gjennom erfaringsutveksling med fleire av dei kommunale råda i fylket, fått inntrykk av at det er ulikt kor mykje medverknad dei kommunale råda har i kommunane.*

*Fylkesrådet minner om lovverket der det m.a. er nemnt at representasjonsordninga er viktig for å sikre god brukarmedverknad. Ordninga er derfor og viktig for lokaldemokratiet. Gjennom eit godt fungerande råd kan ein sikre seg at verdifull erfaringskompetanse på ein systematisk måte blir spilt inn i tenesteutvikling - og planarbeidet i kommunen og medverke til at val av løysingar blir så inkluderande som mogleg.*

[\*Rundskriv om lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m.\*](#)

Uttalen sendast til kommunane i fylket.

- b) Møte i fylkesrådet 15. november vert på Leikanger. Aktuelle tema til møte i november er:
- Velferdsteknologi. Sekretær tek kontakt med Marta Strandos for å høyre om ho har høve til å informere om velferdsteknologi
  - Aktuelle tema for møta i hovudutvala og kva som er aktuelle tidspunkt
  - Arbeidsplanen

**SAK 11/18      Skriv og melding fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - møte 6. september 2018**

**Framlegg til vedtak:**

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande
2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande
2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak

-----

**SAK 12/18      Justering arbeidsplan for resten av perioden - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne 2016 - 2019**

**Justering av arbeidsplanen vert gjort i møte 6. september 2018.**

**Endringsframlegg:**

Leiaren av fylkesrådet vart godt motteke i samferdsleutvalet då han var og orienterte der i eit møte, og det kan vere aktuelt med informasjon frå fylkesrådet til hovudutval for opplæring og hovudutval for næring og kultur.

Kva som er aktuelle tema å orientere om i hovudutvala og tidspunkt, vert bestemt i neste møte; 15. november.

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Leiaren av fylkesrådet vart godt motteke i samferdsleutvalet då han var og orienterte der i eit møte, og det kan vere aktuelt med informasjon frå fylkesrådet til hovudutval for opplæring og hovudutval for næring og kultur.

Kva som er aktuelle tema å orientere om i hovudutvala og tidspunkt, vert bestemt i neste møte; 15. november.

-----